

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2019-0265	<b>Søknadsår</b>	2019	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
<b>Prosjektnavn</b>	3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren			

### Kort beskrivelse

Samfunnet står overfor store utfordringar i helsesektoren. Med ein aldrande befolkning og fråflytting frå distrikta, så vert det naudsynt og gjere oppgåver annleis enn vi gjer i dag. Både nasjonale og regionale planar peikar på det mulegheitsrommet dette gjev for at offentleg og privat sektor finn gode løysingar i lag. Med dette 3-årige prosjektet ønskjer vi å legge til rette gode møteplassar for kunnskapsdeling og relasjonsbygging i Sogn og Fjordane med mål om meir nyskaping frå helsesektoren.

### Prosjektbeskrivelse

Søknad om støtte til 3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplassar med mål om meir nyskaping frå helsesektoren i Sogn og Fjordane

Fleire offentlege meldingar og planar, peikar på utfordringane som kjem i helse- og omsorgssektoren. Utfordringar som må løysast på tvers av sektorar for å behalde gode tenester for innbyggjarane også i framtida. I april 2019 kom for første gong Næringsdepartementet ut med ei stortingsmelding om Helsenæringen. I den kan vi lese: «Ein aldrande befolkning og fleire personar med samansette sjukdommar utfordrar den norske helse- og omsorgstenesta. Kombinert med den teknologiske utviklinga og behovet for omstilling av norsk økonomi, gjev dette mulegheiter for næringslivet.»

Sogn og Fjordane har utfordringar både med aldrande befolkning og rekruttering til arbeidslivet. Vi må styrke oss på nyskaping og samhandling mellom offentleg og privat sektor slik at vi er betre rusta for å møte dei utfordringane som kjem. Dette 3-årige prosjektet vil ha fokus på å skape gode møteplassar på tvers av offentleg og privat sektor og synleggjere innovasjonspotensialet innan helsenæringa.

På kort sikt ønskjer vi å oppnå meir kunnskapsdeling og relasjonsbygging på tvers av fag og sektorar, men det langsiktige målet er å få til meir nyskaping, og ei reell auke i verdiskaping og arbeidsplassutvikling i vår region.

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (KPSF) har eit tett og godt samarbeid med Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Gro Rukan, tilsett i KPSF som forretningsutviklar innan helse, har bakgrunn som leiar i Framtidsfylket der ho samhandla tett med næringslivet i heile fylket. Rukan har no kontorplass på Senter for Helseforskning i Førde og kjem difor tett på helsemiljøet på Vie. Kjennskapen til både privat og offentleg sektor er eit godt utgangspunkt for å klare å skape relevante møteplassar på tvers av bransjar og sektorar.

I dette prosjektet vil det bli skipa både små og store møteplassar, og ulike aktørar vert invitert inn som medarrangørar avhengig av behov og tematikk. Ein av møteplassene er tenkt som årleg konferanse; helseinnovasjonskonferansen. Med oss i planlegginga av dette arbeidet er Helse Førde, HVL, Innovasjon Norge, NHO og Sunnfjord Utvikling. Planane er godt forankra på toppnivå i desse

organisasjonane. Hovudmålsetninga for denne konferansen er å auke interessa hos næringslivet i regionen for å skape løysingar i samhandling med helsesektoren, og ikkje minst synleggjere betre korleis næringslivet kan bidra til å løyse nokre av utfordringane sektoren har i framtida. Ambisjonen for denne konferansen er eit program som vekker interesse og gjev relevans for deltakarar både frå næringslivet og helsesektor, og at deltakarane kjem 50/50 frå privat og offentleg sektor.

Det har tradisjonelt vore altfor lite nyskaping i samspel mellom offentlege og private aktørar innan helse, og slike møteplassar meiner vi er heilt naudsynte for å auke tempoet i samhandlinga.

Slike kunnskapsbaserte møteplassar vert eit viktig bidrag i å auke innovasjonskrafta i fylket. Dette er også i tråd med strategien til Fylkestinget om å utvikle kvalitet og kapasitet i offentlege tenester og vere med å styrke grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv i regionen.

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane søker med dette om 400 000 NOK, fordelt på 3 år, for å styrke arbeidet i å skape meir tverrfagleg samhandling som grunnlag i å bygge ein sterkare kultur for nyskaping på tvers av offentleg og privat sektor i Sogn og Fjordane. Vi håpar Sogn og Fjordane fylkeskommune vil støtte oss i denne satsinga.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS Org.nr:983562973	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	95206574
<b>Kontakt- person</b>	Gro Rukan	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus, 6856 SOGNDAL 6856 SOGNDAL	91321392
<b>Prosjekt- leder</b>	Gro Rukan	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus, 6856 SOGNDAL 6856 SOGNDAL	91321392

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Fleire offentlege meldingar og planar, peikar på utfordringane som kjem i helse- og omsorgssektoren. Utfordringar som må løysast på tvers av sektorar for å behalde gode tenester for innbyggjarane også i framtida. I april 2019 kom for første gong Næringsdepartementet ut med ei stortingsmelding om Helsenæringen. I den kan vi lese: «Ein aldrande befolkning og fleire personar med samansette sjukdommar utfordrar den norske helse- og omsorgstenesta. Kombinert med den teknologiske utviklinga og behovet for omstilling av norsk økonomi, gjev dette mulegheiter for næringslivet.»

Sogn og Fjordane har utfordringar både med aldrande befolkning og rekruttering til arbeidslivet. Vi må styrke oss på nyskaping og samhandling mellom offentleg og privat sektor slik at vi er betre rusta for å møte dei utfordringane som kjem.

### **Prosjektmål**

Dette 3-årige prosjektet vil ha fokus på å skape gode møteplassar på tvers av offentleg og privat sektor og synleggjere innovasjonspotensialet innan helsenæringa.

På kort sikt ønskjer vi å oppnå meir kunnskapsdeling og relasjonsbygging på tvers av fag og sektorar, men det langsiktige målet er å få til meir nyskaping, og ei reell auke i verdiskaping og arbeidsplassutvikling i vår region.

### **Forankring**

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (KPSF) har eit tett og godt samarbeid med Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Gro Rukan, tilsett i KPSF som forretningsutviklar innan helse, har bakgrunn som leiar i Framtidsfylket der ho samhandla tett med næringslivet i heile fylket. Rukan har no kontor plass på Senter for Helseforskning i Førde og kjem difor tett på helsemiljøet på Vie. Kjennskapen til både privat og offentleg sektor er eit godt utgangspunkt for å klare å skape relevante møteplassar på tvers av bransjar og sektorar.

I dette prosjektet vil det bli skipa både små og store møteplassar, og ulike aktørar vert invitert inn som medarrangørar avhengig av behov og tematikk. Ein av møteplassene er tenkt som årleg konferanse; helseinnovasjonskonferansen. Med oss i planlegginga av dette arbeidet er Helse Førde, HVL, Innovasjon Norge, NHO og Sunnfjord Utvikling. Planane er godt forankra på toppnivå i desse organisasjonane. Hovudmålsetninga for denne konferansen er å auke interessa hos næringslivet i regionen for å skape løysingar i samhandling med helsesektoren, og ikkje minst synleggjere betre korleis næringslivet kan bidra til å løyse nokre av utfordringane sektoren har i framtida. Ambisjonen for denne konferansen er eit program som vekker interesse og gjev relevans for deltakarar både frå næringslivet og helsesektor, og at deltakarane kjem 50/50 frå privat og offentleg sektor.

### **Prosjektorganisering**

Gro Rukan, KPSF, er prosjektleiar

Tuva Eide, KPSF, prosjektmedarbeidar

Andre deltakarar variere frå gong til gong.

### **Samarbeidspartnere**

Vil variere noko frå arrangement til arrangement.

Helseinnovasjonskonferansen som skal vere årleg:

Helse Førde, HVL, Innovasjon Norge, NHO og Sunnfjord Utvikling.

TekPRAT:

Helse Vest IKT, Helse Førde, HVL

Studentarrangement:

HVL, HVL Mohnsenteret, PEAK, SU....

### **Aktiviteter**

Helseinnovasjonskonferansen - årleg

TekPRAT 1 gong per halvår

fleire vil kome til

### Målgrupper

Næringsliv, helsesektor, studentar

### Resultat

På kort sikt ønskjer vi å oppnå meir kunnskapsdeling og relasjonsbygging på tvers av fag og sektorar, men det langsiktige målet er å få til meir nyskaping, og ei reell auke i verdiskaping og arbeidsplassutvikling i vår region.

Helseinnovasjonskonferansen:

mål om minimum 100 deltakarakar første året - der det er ein 50/50 blanding frå næringsliv og offentleg sektor

TekPRAT:

mål om å samle teknologiinterdesserte frå næringsliv, helseforetak + studentar og tilsette ved HVL.  
Minimum 50 stk per gong.

### Effekter

kunnskapsdeling og relasjonsbygging som basis for innovasjonskultur i fylket på tvers av sektor og fag.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

2019 -

Helseinnovasjonskonferanse 31. okt

2020 -

1 Tekprat vår 2020, 1 TekPRAT haust 2020

Helseinnovasjonskonferanse haust 2020

2021

1 Tekprat vår 2021, 1 TekPRAT haust 2021

Helseinnovasjonskonferanse haust 2021

### Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
arrangementskostnader	191 000	191 000	191 000			573 000
marknadsføringskostnader	65 000	35 000	35 000			135 000
planlegging og administrering	200 000	200 000	200 000			600 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>456 000</b>	<b>426 000</b>	<b>426 000</b>			<b>1 308 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Bankar og andre	106 000	101 000	101 000			308 000
Deltakaravgift	75 000	75 000	75 000			225 000
eigendel	125 000	125 000	125 000			375 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	150 000	125 000	125 000			400 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>456 000</b>	<b>426 000</b>	<b>426 000</b>			<b>1 308 000</b>

**Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Budsjett tilrettelegging for heleserelatert verdiskaping i Sogn og Fjordane.pdf	22 249	29.08.2019